

Årsmelding for Jostedal spel- og dansarlag for året 2010

Styret har vore samansett slik:

Oddbjørg Ese, leiar

Eldbjørg Haugen, nestleiar

Helene Bolstad, kasserar

Tormod Øvrebø, skrivar

Mona Åsen, styremedlem

Edel Skjæret og Jorunn Grov Hestetun varamedlemar til styret

Valnemnd: Erling Bjørn Vigdal, Brita Myklemyr og Solveig Sperle

Revisor: Gunnar Ruud

Det har vore halde 9 styremøte i året som har gått.

Det har også i år vore stor aktivitet i laget med mange kurs, arrangement og andre aktivitetar.

Aktivitetar

Springarprosjektet:

Laget har lagt ned store ressursar på springarprosjektet dette året.

Siri Mæland frå RFF hadde seminar på Jostedal hotell 3.-4. februar. Det var god oppslutnad, men me kom ikkje noko særleg vidare i forståinga av takta og dansen.

Den 27.- 29. april drog ei gruppe på 7 inkl Håkon til RFF/Trondheim. Nesten heile RFF stilte opp siste dagen. Denne gongen kom også Stian Roland frå Valdres. Han var godt førebudd og hadde naudsynt kompetanse og interesse for å sette seg inn i alle sider ved springaren vår. Dette vart eit gjennombrøt og alle tykte me var komne eit langt stykke vidare etter denne turen.

Det har elles vore to helgesamlingar der springaren har stått i fokus. Håkon Høgemo har hjelpt oss å øve inn den gode springartakten. Dei eldste på hardingfele har spela og dansarane har dansa.

- Opplæring:

Faste øvingar:

Det har dette året vore faste øvingar i spelemannslaget.

Rupeungane har faste øvingar. Instruktørar er Anne Kristin Haugen Halveg og Eli Bjørhusdal.

Jostedal leikarring/Bonedansen har øving kvar måndag på Jostedal hotell. Kristen Alsmo er instruktør. Det har vore aukande oppslutnad om desse øvingane.

Det har jamleg vore springar-øvingar på Jostedal hotell. Einar, Mathilde og Kine har spela. Laget har delteke både på fylkeskappleiken og landskappleiken dette året med gode resultat.

Laget er medarrangør av Samdansen (Eikum hotell). Det er mest fri dans til lokale grupper, men det vert også undervist i variantar av gamaldansformer. Øystein Lavik er instruktør. Det er god oppslutnad med dansarar frå Leikanger, Sogndal og Luster.

Laget har 11 juniorar som får opplæring i fele/toradar i kulturskulen.

Kurs:

Vinter/Vår 2010: Opplæring i dans på barneskulen. JSD har skaffa instruktør – Brit Guggedal – og dekkja alle utgifter i samband med dette.

8.-10. januar: Kurs i hardingfele med Håkon Høgemo

Kurs i song med Kari Malmanger.

14. mai. Springarseminar med Håkon Høgemo

9-10 oktober. Springarseminar med Håkon Høgemo

Tilskipingar

9. januar. Konsert med Håkon Høgemo og Kari Malmanger på Jostedal hotell i samband med kurshelgi.
- Dans på Jostedal hotell. Spelemannslaget med Håkon Høgemo spelte.
27. mars. Sigrid Moldestad konsert
- Gamaldans i samfunnshuset . "To rette og ein rang" spela til dans.
- Mars Ida Kristin arrangerte kosekveld for spelejentene/rekruttane med leiker og pizza
- 1-mai. Rupeungane framsyning. Flott teaterstykke. 80 frammøtte!
11. desember. Synnøves julekonsert. Fullt hus i kyrkja.
- 18.desember. Julebord. Musikk: Shine

- Deltaking på kappleikar, stemne og kurs

- April: Fylkeskappleiken på Skei. Deltaking i spel solo gamaldans runddans junior og senior, lagspel senior, runddans senior, gruppespel, runddans junior, spel hardingfele kl B og C, lagspel junior, dans kl B, vokal kl A og C, lagdans senior, open klasse, Rupeungane deltok.
- Juni: Landskappleiken på Voss. Dans hardingfele kl A, durspel jr, lagdans senior, lagspel jr, lagspel sen, spel hardingfele B og C, Vokal kl A og C.
- Juli: Landsfestivalen. Deltaking i durspel jr og sen, hardingfele jr. og sen. , gruppespel og runddans
- August: Mange juniorar deltok på Mo-kurset. Det var også seniorar med i dans.
- Oktober: Vestlandskappleiken i Lofthus

Anna aktivitet:

Vidare har fleire medlemar bidrege i ulike samanhengar. Her kan nemnast deltaking på Oktoberfestivalen , Vågåtreffen , DM i trekkspel og Storefjelltreffet.

- Ymse

Styret har drive ein del innsamlingsarbeid i 2010.

Helene Myklemyr Bolstad er styremedlem i fylkeslaget og vart i 2010 vald inn i styret sentralt i Folkorg.

Laget har arbeidd vidare med å få eiga heimeside på plass.

Laget er med i 17.mai-arrangementet.

Styret var representert på årsmøtet i fylkeslaget og Folkorg.

Laget har bidrege til nytt musikkanlegg i samfunnshuset.

Også i år har laget fått god økonomisk støtte frå ulike hald. Me vil nemne Luster kommune og Luster sparebank som har vore svært gode støttespelarar.

Me vil få takke alle som har stilt opp og hjelpt oss i året som har gått.

Arbeidsplan 2011

Jostedal spel- og dansarlag

Faste øvingar:

- * Halde fram med øving i Rupungane
- * Faste speleøvingar
- * Faste Springarøvingar
- * Leikaringen/ Bondedansen kvar/annakvar måndag på Jostedal hotell.
- * Medarrangør Samdansen 1 gong kvar mnd på Eikum.

Kurs:

- *Hardingfelespel med Håkon Høgemo (dei eldste)
- *Hardingfelespel med Oda Heidi Bolstad (dei yngste)
- *Dansekurs med Ami Petersson Dregelid og Ellika Frisell
 - Søkje midlar for å la dette bli eit prosjekt over tid.
- * Kurs i springar for ungar/ungdom
- * Kurs i toradar

Arrangement:

- * Konsert med Håkon Høgemo og dans til Spelemannslaget.
- * Lustratreffen
- * Konsert med Spindel 14. mai (Sigrid Moldestad og Liv Merete Kroken)
- * Konsert med Aslak Brimi og Erlend Viken
- * Hyggekveld med allsong – invitere Kaupanger Bygdakor v/Kari Malmanger
- * Julebord 17. desember. Musikk Espen Borlaug
- * Samarbeid med Sogn Spelemannslag
- * Lage Hyggekveldar for dei yngste

Deltaking:

- Sende representantar til årsmøte i Sogn og Fjordane folkemusikklag
- Sende representantar til årsmøte i Folkorg
- Sende deltakarar til Mokurset.
- Delta på kappleikar og andre stemne.